

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		19/1887

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2019	Kommunestyret	PS	25.09.2019

Godtgjersle folkevalde i overgangsperioden 17.10.2019 - 31.12.2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er likelydande sak til kommunestyra i Lindås, Meland, Radøy og til fellesnemnda /kommunestyre i Alver

Alver kommunestyre har sitt konstituerande møte 17.oktober. Kommunestyret kan gjera vedtak som gjeld den nye kommunen etter det er konstituert. Dette gjeld og andre folkevalde organ etter at dei er vald. Det kan ikkje gjerast vedtak som bind dei eksisterande kommunane.

Funksjonstida for dei sittande folkevalde vert utvida ut året, det er planlagd møter fram til nyttår som vert gjennomført etter behov.

Dei eksisterande kommunestyra har gjort vedtak om godtgjersle for folkevalde der ein har faste godtgjersler for ein del av verva. Det er og gjort vedtak, i fellesnemnda, om faste godtgjersler for ein del av verva i Alver kommunestyre.

Det er naturleg at godtgjersler for møta representantane deltek på, vert vidareført i denne perioden. Det kommunestyret må ta stilling til dei faste godtgjerslene i denne perioden.

Her er satsar per kommune og for Alver:

Lindås kommune:

I Lindås er det berre fast årleg godtgjersle til varaordførar, utvalsleiarar og gruppeleiarar.

Det er ikkje godtgjersle pr.møte for desse.

Varaordførar: kr. 478 191 pr.år

Utvalsleiar plan og miljø: kr. 119 548 pr.år

Ulvslsleiar levekår: kr. 89 661 pr.år

Leiar kontrollutval: kr. 59 774 pr.år

Gruppeleiar: kr. 4 905 + 4 905 x tal medl.i kommunestyret pr.år

Meland kommune:

I Meland er det fast årleg godtgjersle til varaordførar, utvalsleiarar og medlem i formannskap.

Det er ikkje godtgjersle pr.møte for desse.

Varaordførar: kr. 197 599 pr.år

Medlem formannskap kr. 29 000 pr.år

Utvalsleiar levekår: kr. 29 000 pr.år

Utvalsleiar drift og utvikling: kr. 29 000 pr.år

Leiar kontrollutval: kr. 12 400 pr.år

Radøy kommune :

I Radøy er det fast godtgjersle til varaordførar, utvalsleiarar, medlem i formannskap og hovudutval.

Det er godtgjersle pr.møte i tillegg til fast årleg godtgjersle.

Varaordførar: kr. 172 163 pr.år

Leiar hovudutval plan, landbruk og teknisk: kr. 27 400 pr.år + kr. 600 pr.møte

Leiar kontrollutval og byggjenemnda: kr. 16 000 pr.år + kr. 600 pr.møte

Medlem formannskap: kr. 21 200 pr.år + kr. 600 pr.møte

Alver kommune:

I Alver kommune er det fast årleg godtgjersle til varaordførar, utvalsleiar, medlem formannskap/utval og gruppeleiar.

Det er godtgjersle pr.møte i tillegg til fast årleg godtgjersle for medlem i formannskap og utval.

Varaordførar: kr. 592 798 pr.år

Leiar areal, plan og miljø: kr. 115 732 pr.år

Leiar andre utval (oppvekst, helse, næring): kr. 86 273 pr.år

Leiar kontrollutval: kr. 57 866 pr.år

Medlem formannskap og utval: kr. 23 146 pr.år + kr. 1 578 pr.møte

Gruppeleiar: kr. 5 787 + 2 582 x tal medl.i kommunestyret pr.år

Vurdering

Rådmannen legg fram følgjande problemstillingar som kommunestyra må ta stilling til når det gjeld godtgjersle i perioden 17.10.19 – 31.12.19:

- Skal faste godtgjersler for noverande folkevalde i eksisterande kommunar fortsette ut perioden? Dette gjeld mellom anna leiarar for utval, varaordførar, gruppeleiar. Korleis vert arbeidsmengda for folkevalde i noverande kommunar og Alver kommune i denne perioden?
- Det kan vere tilfelle der noverande representantar med fast godtgjersle vil ha krav på fast godtgjersle i ny kommune, kva gjer ein i slike tilfelle?

Fellesnemnda nye Asker har gjort fylgjande vedtak vedrørande godtgjersle i overgangsperioden:

Når det gjelder folkevalgte som, etter konstitueringa av det nye kommunestyret, har rett til fast godtgjøring frå både gammel og ny kommune høsten 2019, foreslår fellesnemnda følgende ordning:

Dobbelt godtgjøring praktiseres ikke. Som konsekvens av det utbetales kun fast godtgjøring fra en kommune, der den folkevalgte ut året beholder den godtgjøringen som gir best uttelling.

(Asker har fast årlig godtgjersle for alle folkevalgte + godtgjersle pr.møte)

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting

Kommunestyret - 50/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv, AP:

Gjeldande folkevalte som etter konstitueringa av det nye kommunestyret har rett til fast godtgjering frå både gammel og ny kommune hausten 2019 blir dette foreslått:

Dobbel godtgjering blir ikkje praktisert. Som ein konsekvens av det blir det kun utbetalt fast godtgjering frå ein kommune, der den folkevalte ut året beheldt den godtgjeringa som gir best utteljing.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Gjeldande folkevalte som etter konstitueringa av det nye kommunestyret har rett til fast godtgjering frå både gammal og ny kommune hausten 2019 blir dette foreslått:

Dobbel godtgjering blir ikkje praktisert. Som ein konsekvens av det blir det kun utbetalt fast godtgjering frå ein kommune, der den folkevalte ut året beheldt den godtgjeringa som gir best utteljing.